

## PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE VEST RHF 18. JUNI 2014

**Stad: Nordfjord psykiatrisenter, møterom «Storstova», Nordfjordeid**  
**Møtetidspunkt: 18. juni 2014 kl. 1200 – 1600**

### Deltakarar frå styret

Terje Vareberg	Styreleiar
Lise Reinertsen	Nestleiar
Gunnar Berge	Medlem
Tone Berentsen Steinsvåg	Medlem
Olin Johanne Henden	Medlem
Lise Karin Strømme	Medlem
Reidun Nyborg Johansen	Medlem
Aslaug Husa	Medlem
Tom Guldhav	Medlem

### Forfall frå styret

Ohene Aboagye	Medlem
---------------	--------

### Deltakarar frå administrasjonen

Herlof Nilssen, administrerande direktør  
Ivar Eriksen, eigardirektør  
Hilde Christiansen, personal- og organisasjonsdirektør  
Baard-Christian Schem, fagdirektør  
Gunnhild Haslerud, controller  
Torunn Nilsen ref.

### Sakliste

Sak	064/14 Godkjenning av innkalling og dagsorden
Sak	065/14 Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 09.05.2014
Sak	066/14 Administrerande direktør si orientering
Sak	067/14 Rapportering frå verksemda per april 2014
Sak	068/14 Førebels inntektsfordeling og resultatkrav 20 15
Sak	069/14 Langtidsbudsjett 2015 – 2019
Sak	070/14 Intensivtilbodet til nyfødde barn i Helse Vest
Sak	071/14 Tiltak for å avvikle korridorpassar
Sak	072/14 Sal av eigedomen Skogheim på Valen
Sak	073/14 Overdraging av tele-, signal-,video- og audioverksemd
Sak	074/14 Regulering av løn for tilsette i Helse Vest RHF
Sak	075/14 Orientering om program for pasienttryggleik i Helse Vest 2013 – 2017. Aktivitet i programmet sitt første år
Sak	076/14 Orientering om tertialvis rapportering på krav i føretaksmøte og protokoll
Sak	077/14 Orientering om private avtalespesialistar i Helse Vest – status i arbeidet med vidareutvikling av ordninga
Sak	078/14 Orientering om fornya bygningsmessig kartlegging for vedlikehald i føretaksgruppa
Sak	079/14 Orientering om dei regionale helseføretaka sine felleseigde selskap per mai 2014
Sak	080/14 Orientering om protokoll frå møte i revisjonskomiteen 01.04. 2014
Sak	081/14 Eventuelt Skriv og meldingar

## **Presentasjon av regionale IKT satsingar ved Erik M. Hansen**

Erik M. Hansen, administrerende direktør i Helse Vest IKT AS orienterte om regionale IKT –satsingar.

Lysark er sendt ut til styret.

## **064/14 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

Styreleiar orienterte om at styremøtet var ope for publikum og presse.

### **Forfall:**

Ohene Aboagye har meldt forfall til møtet.

### **Til dagsorden:**

Styreleiar orienterte om at AD si orientering pkt. 6 - Rehabiliteringskonkurransen – Oppsummering og tildeling, ville bli gjennomført i lukka møte jf. Helseføretakslova § 26 a nr 5.

### **Dokument som er delt ut i møtet:**

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var delt ut i møtet:

- Tidsplan for styremøtet

### **Eventuelt:**

Følgjande sak blei meldt til eventuelt:

Mediasak om diskriminering av gravide – oppfølging i Helse Vest (OJH)

## **Vedtak (samrøystes)**

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

## **Sak 065/15 Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 09.05.2014**

### **Vedtak (samrøystes)**

Styret godkjente og underteikna protokollen.

## **Sak 066/14 Administrerende direktør si orientering**

### **Ope del**

#### **1. Rapportering tilsynssaker**

Administrasjonen viste til utsendt notat.

#### **2. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav i perioden**

Administrasjonen viste til utsendt notat.

#### **3. Oversikt over aktuelle høyringar**

Administrasjonen viste til utsendt notat.

Styret viste til høyring om endring av aldersgrense for bortfall av helsepersonell sin autorisasjon m.v. frå 75 – 80 år, og peika på at det må gjerast individuelle vurderingar i forkant av slike beslutningar.

#### **4. Status i arbeidet med «Alle møter»**

Administrasjonen orienterte om status i arbeidet. Lanseringa har vore vellykka og alle føretak er no oppe med Vestlandspasienten.no. Det har vore 50% auke i bruk frå april til mai.

Brystdiagnostisk senter i Bergen gjort ein formidabel innsats. Dei har no ingen fristbrot og alle får tildelt time.

#### **5. Status i etablering av Nasjonal IKT HF og Sykehusbygg HF**

Felles styresak om stifting av felles selskap kjem til RHF-styra i september.

Det blir oppretta eit interrimstyre fram til stiftelse og administrerande direktør vil bli konstituert frå stiftelsestidspunkt.

RHF-a avventar avklaring om finansiering i Statsbudsjettet. Finansiering må vere i samsvar med oppgåvene som skal løysast.

#### **Lukka del**

Møtet var lukka med heimel i Helseføretakslova § 26 a nr 5.

#### **6. Rehabiliteringskonkurransen – Oppsummering og tildeling**

Administrasjonen orienterte om val av leverandørar. Tildeling var i samsvar med tilråding. Styret var nøgd med prosessen og tok tildelinga til orientering.

Administrasjonen orienterte og om status i prosessen med kjøp av tverrfagleg spesialisert rehabilitering (TSB).

Styret blei orientert om utfordringane, avklaring blir utsett fram til hausten og ulike løysingar blir vurdert.

Styret kjem tilbake til denne saka i neste møte.

#### **Vedtak (samrøystes)**

Styret tok meldingane til orientering

### **Sak 067/14 Rapportering frå verksemda per april 2014**

#### **Oppsummering**

Ventetidsutviklinga per april 2014 syner at dei gjennomsnittlege ventetidene for alle som starta behandling var 66 dagar, medan ventetida for dei som framleis venta ved utgangen av månaden var 73 dagar.

Aktivitetsnivået innan den somatiske sektoren er i hovudsak høgare enn per april 2013, både for innlagde døgnpasientar, poliklinisk behandling, og for talet genererte DRG-poeng. For dagbehandling er aktiviteten marginalt lågare enn førre år. Aktivitetsnivået innan psykisk helsevern syner høgare poliklinisk aktivitetsnivå innan BUP og psykisk helsevern for vaksne samanlikna med same tid i 2013. Det er og generert fleire utskrivne døgnpasientar innan psykisk helsevern for vaksne. Talet på liggjedøgn hittil er lågare enn førre år, både innan PHV og BUP.

Prosentdelen fristbrot for behandla låg på 3 % i april 2014, noko som er historisk lågt i regionen. Innan somatikken er korridorpatientar framleis ei utfordring, og det gjennomsnittlege talet pasientar på korridor gjekk litt opp i april 2014. Innan psykisk helsevern har talet korridorpatientar vore stabilt både i Helse Bergen og Helse Stavanger, men gjekk samla sett også her litt opp seinaste periode. Det samla talet på langtidsventande (1 år+) i regionen har vore stabilt på eit lågt nivå dei seinaste månadane. Delen epikrisar sendt innan 7 dagar var 78 % både innan somatikken og psykisk helsevern i april 2014.

Det er ein nedgang med 1,5 % i det samla sjukefråværet i april 2014 i forhold til mars 2014. Samanlikna med april 2013 har det samla sjukefråværet gått ned med 0,9 % og sjukemeldt fråvær har gått ned med 0,6 %. 67,57 % av einingane i føretaksgruppa har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for april 2014 og 68,43 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % for april 2014. Den korrigererte gjennomsnittlege stillingsprosenten for april 2014 er på 91,39 %.

Det har vore ein nedgang med 77 brutto månadsverk frå april 2014 til mai 2014 samla for føretaksgruppa. Netto månadsverk har hatt ein nedgang med 12 netto månadsverk i same perioden samla for føretaksgruppa.

Det økonomiske resultatet i april er kr 71,3 mill. som er kr 40,3 mill. betre enn budsjettert. Akkumulert resultat er kr 304,9 mill. som er kr 98,4 mill. betre enn budsjettert. Føretaka melder ei prognose for året som er i tråd

med budsjett. Administrerende direktør vil følge risikoutviklinga tett og setje i verk rapportering på kompenserte tiltak om risikobiletet skulle endra seg. Samla investeringar per april er på kr 440 mill. Dette utgjør omlag 23 % av budsjettert investeringsnivå i 2014. Driftskredittramma vil ved årets slutt vere kr 1,566 mrd. Samla sett er likviditetssituasjonen med noverande driftskredittramme vurdert å vere tilfredsstillande.

Styret peika på målet om å vere kvitt fristbrot i løpet av dette året, og vidareføring av arbeidet med å inngå fristbrot og redusere ventetider for sårbare grupper vil gå fram av styresak om differensierte ventetider som kjem til hausten.

Styret merka seg at i forhold til epikrisetid, vil fokus bli endra til «epikrise i handa», men ønskja likevel auka trykk på at pasientar som er innlagde no skal få epikrise innan 8 dagar.

Styret var svært nøgde med resultatata på sjukefråvær og heiltid.

Styret var uroa over aukinga i talet på truslar og vald mot tilsette. Styret ønska ei styresak til hausten med ei vurdering av situasjonen og forslag til tiltak. Styresaka bør omhandle oversikt over kor mange «farlege» pasientar vi har som burde vore i fengsel, rutinar, tiltak for å beskytte tilsette, førebygging og oppfølging, samt tiltak når skade faktisk har skjedd. Styret ønskjer at arbeidsplassane i Helse Vest skal vere trygge.

### **Vedtak (samrøystes)**

Styret tok rapporteringa frå verksemda per 30. april 2014 til etterretning.

## **Sak 068/14 Førebels inntektsfordeling og resultatkrav 2015**

### **Oppsummering**

Helse Vest hadde i 2013 eit samla positivt resultat på kr 647,8 mill. Dette er femte året på rad kor føretaksgruppa leverer positive resultat.

Akkumulert resultatet for føretaksgruppa er per april kr 304,9 mill. som er kr 98,4 mill. betre enn budsjett. Sjølv om alle føretaka leverer i tråd med budsjett per april og alle signaliserer eit resultat lik budsjett ved slutten av året, er det likevel ein risiko knytt til endeleg resultat for enkelte helseføretak. Det er difor viktig at føretaka held trykk på omstillingsprosessane for å sikre at dei styrer verksemda i tråd med resultatkravet. Dette er spesielt viktig med tanke på at føretaksgruppa skal kunne gjennomføre planlagde investeringar.

For å bidra til ein god budsjettprosess ser administrerende direktør det som viktig og nødvendig å klarlegge neste års økonomiske rammer og resultatkrav for det enkelte helseføretak på eit tidlegast mogleg tidspunkt.

I og med at statsbudsjettet for 2015 blir lagt fram først i oktober 2014, vil det være usikkerheit rundt førebels inntektsramme. Dette gjeld mellom anna føresetnader om aktivitet, økonomi og finansielle forhold. Endeleg inntektsramme blir lagt fram i styremøte i desember der forhold frå statsbudsjettet blir innarbeidd.

Til styremøtet i september ønska styret ein gjennomgang av finansieringsordning for RHF og helseføretak i Helse Vest.

### **Vedtak (samrøystes):**

1. Fordeling av førebels inntektsramme for 2015 blir som følgjer:

FORELØPIG INNTEKTSFORDELING 2015	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
Innsatsstyrt finansiering (inkl. dyre medisinar)	1 488 358	751 687	2 696 011	532 216		5 468 273
ISF-pasientar behandla i andre regionar	100 174	34 111	59 619	43 719		237 623
ISF-pasientar behandla for andre regionar	-29 839	-4 513	-106 463	-11 875		-152 690
<b>SUM, ISF</b>	<b>1 558 694</b>	<b>781 286</b>	<b>2 649 167</b>	<b>564 059</b>	<b>-</b>	<b>5 553 206</b>
<b>SUM, basisramme fordelt etter modell</b>	<b>3 338 445</b>	<b>1 806 694</b>	<b>4 989 160</b>	<b>1 532 270</b>	<b>0</b>	<b>11 666 569</b>
<b>SUM, basisramme fordelt utanfor modell *)</b>	<b>595 106</b>	<b>361 541</b>	<b>1 247 454</b>	<b>307 972</b>	<b>3 731 578</b>	<b>6 243 650</b>
Øyremerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):	3 296	7 219	35 713	19 831		66 059
<b>SUM, inntekt 2014 fordelt frå RHF</b>	<b>5 495 541</b>	<b>2 956 740</b>	<b>8 921 494</b>	<b>2 424 132</b>	<b>3 731 578</b>	<b>23 529 485</b>

2. Førebels resultatkrav for 2015 blir sett som følgjer:

	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sjukehus- apoteka vest	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav 2015	97 000	40 000	220 000	0	15 000	1 000	0	373 000

3. Helseføretaka blir bedne om å nytte rammebudsjettering som teknikk for budsjetteringa for 2015. Budsjettet skal bygga på inntektsføresetnader og resultatkrav som følgjer av denne saka. Dei økonomiske rammene må bli budsjettert ned til lågaste nivå i organisasjonen og føresetnadene for rammebudsjettering må bli klargjort i alle ledd i føretaket slik at kostnadene blir tilpassa den inntektsramma og resultatkravet HF-et skal nå. Helseføretaka må klargjera dei økonomiske utfordringane og nødvendige tiltak før styret i føretaket vedtar budsjettet, slik at ein oppnår nødvendig effekt allereie ved inngangen av 2015.

## Sak 069/15 Langtidsbudsjett 2015 – 2019

### Oppsummering

Styret i Helse Vest behandla i møte den 19.06.2013 sak 073/13 B Langtidsbudsjett 2014-2018. Det blei i denne saka fatta vedtak om at rullering av nytt langtidsbudsjett skal gjerast våren 2014 med sikte på å behandle langtidsbudsjettet for føretaksgruppa før sommaren 2014.

Helse Vest har i eige brev datert 18.12.2013 gitt helseføretaka føresetnader og føringar for utarbeiding av langtidsbudsjett 2015-2019. Som ein del av årets budsjettprosess blir langtidsbudsjettet behandla av styret i Helse Vest før sommaren. Alle helseføretaka har behandla sine langtidsbudsjett i sine respektive styre før denne saka blir behandla i Helse Vest styret. Langtidsbudsjettet for føretaksgruppa er derfor basert på helseføretaka sine langtidsbudsjett.

Administrerande direktør meiner at ein har klart å fange opp dei viktigaste føringane. Arbeidet med langtidsbudsjettet er ein årleg prosess der budsjettet blir behandla før sommaren. Det vil bli arbeidd kontinuerleg med å utvikle langtidsbudsjettet.

Styret peika på at ein ikkje bør akseptere høgare gjeldsgrad parallelt med at resultatkrava blir lågare, og ba om at dette blir vurdert ved neste revidering. Styret meinte at resultatata i HF-a bør vere betre for å gi tilslutning til store prosjekt.

### Vedtak (samrøystes):

1. Styret vedtok langtidsbudsjett for 2015-2019.
2. Resultatkravet for perioden 2015-2019 blei fastsett som følgjer:

Resultat pr. foretak	Langtidsbudsjett					
	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Helse Stavanger	75 000	97 000	122 000	149 000	149 000	149 000
Helse Fonna	34 000	40 000	40 000	40 000	40 000	40 000
Helse Bergen	190 000	220 000	220 000	250 000	280 000	300 000
Helse Førde	0	0	5 000	30 000	30 000	30 000
Helse Vest IKT	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000
Sjkehusapoteka Vest	10 400	15 000	20 000	24 000	25 000	28 000
Helse Vest RHF	0	0	0	0	0	0
<b>Sum føretaksgruppa</b>	<b>310 400</b>	<b>373 000</b>	<b>408 000</b>	<b>494 000</b>	<b>525 000</b>	<b>548 000</b>

- Helseføretaka må styre og prioritere investeringane innanfor tilgjengeleg likviditet i langtidsbudsjettet. Dersom resultatet endrar seg negativt må det gjerast nødvendige tilpassingar i investeringsplanen.
- Dei årlege investeringsbudsjetta blir vedtatt i samband med behandlinga av dei årlege budsjetta. Avgjerda om og gjennomføring av investeringar må følgje fastsette retningslinjer for investeringar. Denne saka gir ikkje godkjenning for gjennomføring av dei enkelte prosjekta eller tilhøyrande lån.
- Rullering av nytt langtidsbudsjett blir gjort våren 2015 med sikte på å behandle langtidsbudsjettet for føretaksgruppa før sommaren 2015.

## Sak 070/14 Intensivtilbodet til nyfødde barn i Helse Vest

### Oppsummering

Helse Vest RHF har i oppdragsdokumentet for 2012 frå Helse- og omsorgsdepartementet fått følgjande oppdrag: *Tilbodet til barn og nyfødde som treng intensivbehandling i regionen, skal vere gjennomgått for å sikre adekvat kompetanse og formålstenleg ressursbruk.*

Det overordna målet for Helse Vest er at barn og nyfødde som treng intensivbehandling, skal få eit trygt tilbod av god kvalitet på rett behandlingsnivå.

Det blei sett ned ei arbeidsgruppe med faglege representantar frå helseføretaka og medlemmer av den regionale perinatalkomiteen i Helse Vest. Arbeidsgruppa har utarbeidd ein rapport basert på eit mandat frå Helse Vest RHF. Rapporten er vedlegg til styresaka.

I Helse Vest blir tilbodet til barn og nyfødde som treng intensivbehandling, gitt ved Haukeland universitetssjkehus (HUS), Stavanger universitetssjkehus (SUS), Førde sentralsjkehus og Haugesund sjkehus. Behandlinga av ekstremt premature i Helse Vest er sentralisert til SUS og HUS.

Med bakgrunn i gjennomgangen av tilbodet til barn og nyfødde som treng intensivbehandling i regionen, og rapporten frå arbeidsgruppa, tilrår Helse Vest at Helse Bergen og Helse Stavanger skal utføre intensivbehandling av ekstremt for tidleg fødde, det vil seie barn fødde i 28. svangerskapsveke eller tidlegare. For tvillingar er grensa 30 veker eller tidlegare.

Helse Vest legg til grunn at tilrådingane frå arbeidsgruppa blir følgt opp i helseføretaka og i samarbeid med Helse Vest RHF der det er behov for det.

Styret peika på at i denne type utgreiingar bør det stillast tydelege krav til samla innstilling frå fagmiljøa. Styret ønskjer optimale faglege løysingar og forventar klare konklusjonar og eintydige tilrådingar. Styret peika på at i forhold til funksjonsfordeling for marginale grupper må ein og vurdere nasjonale alternativ.

### Vedtak (samrøystes):

- Styret i Helse Vest RHF legg til grunn at tilrådingane frå arbeidsgruppa vist i rapport dagsett april 2014, blir følgt opp i helseføretaka.
- Både Helse Bergen og Helse Stavanger skal utføre intensivbehandling av ekstremt for tidleg fødde, det vil seie barn fødde i 28. svangerskapsveke eller tidlegare.

## Sak 071/14 Tiltak for å avvikle korridorplassar

### Oppsummering

Helse Vest har ein omfattande bruk av korridorplasser trass i eit klart styringsbodskap og mål om at det ikkje skal vere korridorpasientar. I styringsdokumentet til helseføretaka i 2013 står det at "det er eit mål at det ikkje skal vere korridorpasientar".

Den vedlagte rapporten er utarbeidd i prosjektet "Tiltak for å redusere bruk av korridorplassar". Rapporten inneheld tilrådingar om felles regionale tiltak og anbefalingar for å avvikle bruk av korridorplassar ved sjukehusa i Helse Vest.

Prosjektgruppa har vore samansett av personar frå Helse Vest RHF, helseføretaka, og Haraldsplass Diakonale sykehus, samt to tilsettrepresentantar og brukarrepresentant.

I prosjektmandatet var namnet til prosjektet «Tiltak for å redusere bruken av korridorplassar». Prosjektgruppa ønskte å gå eit steg lengre og endra prosjektnamnet til «Tiltak for å avvikle korridorplassar».

Alle anbefalingane har hatt full tilslutning i prosjektgruppa. Dei konkrete tiltaka bygger på pågåande eller planlagde prosessar i helseføretaka, og det har vore mest fokus på tiltak som har ført til ein reduksjon i bruk av korridorplassar.

Styret ønskja jamleg tilbakemelding på kvart styremøte.

### Forslag til vedtak:

1. Helse Vest ønskjer med dette arbeidet å avvikle bruken av korridorsenger.
2. Oppfølging av punkta vil vere eit leiaransvar i kvart helseføretak.

## 072/14 Sal av eigedommen Skogheim på Valen

### Oppsummering

Styret i Helse Fonna HF har gjort vedtak om sal av eigedomen Skogheim på Valen. Bygget er i dårleg forfatning, og det vil krevja forholdsvis store ressursar å rehabilitere bygget. Helseføretaket har ikkje behov eller planar for bygget og tilrår derfor at det blir avhenda.

Administrerande direktør tilrår at det blir gitt tilslutning til sal.

### Vedtak (samrøystes):

1. Styret slutta seg til sal av eigedomen Skogheim, gnr. 185 bnr. 184 i Kvinnherad kommune.
2. Styret føreset at eigedomen blir lagt ut for sal på den opne marknaden.
3. Det blir gjennomført føretaksmøte i Helse Fonna HF for endeleg godkjenning av sal av eigedomen.

## 073/14 Sak 073/14 Overdraging av tele-, signal-, video- og audioverksemd

### Oppsummering

I dag har Helse Vest IKT ansvaret for teknologiar knytt til IKT-området, medan helseføretaka har ansvaret for teknologiar knytt til telefoni, ulike signalsystem, audio og video. Det er brei semje om at desse teknologiske områda *nærm*ar seg kvarandre ved at dei i aukande grad gjer bruk av ei rekkje *felles* teknologiar. Til dømes er dagens smarttelefonar eigentleg datamaskiner, nyare telefonsentralar er serverar, og dagens telefonisamtalar kan gå over det same nettverket som all anna datakommunikasjon. Difor har Helse Vest IKT og helseføretaka over tid drøfta korleis ein tettare integrasjon mellom *IKT og tele, signal, audio og video* kan realiserast.



I juni 2013 vart det nedsett ei felles prosjektgruppe som fekk i oppdrag å vurdere *kva områder* som burde vurderast for ei eventuell overdraging av verksemd frå helseføretaka til Helse Vest IKT, og deretter gje ei tilråding om slik overdraging skulle gjennomførast.

I rapporten gav prosjektgruppa denne tilrådinga om overdraging av verksemd frå helseføretaka til Helse Vest IKT:

*«Prosjektgruppen ser både fordeler og ulemper ved å gjennomføre en overdragelse av den virksomhet som omfattes av de anlegg som er anbefalt overført. Prosjektet har ikke klart å dokumentere tydelige økonomiske gevinster. I lys av teknologiutvikling og at teknologiene konvergerer tror vi at det i et strategisk perspektiv er nødvendig å ta grep som sikrer en kopling mellom strategier innenfor tele/ signal og IKT. Basert på en samlet vurdering anbefaler prosjektgruppen at det gjennomføres en overdragelse av virksomhet fra helseføretakene til Helse Vest IKT.»*

*Overdragelse må gjennomføres i tråd med gjeldende lover og avtaler.»*

Styringsgruppa for prosjektet (AD-møtet, konserntillitsvalde og hovudverneombod) behandla i møte 03.03.2014 rapporten frå prosjektet om tele, signal, video og audio. Styringsgruppa samtykte til tilrådinga frå prosjektgruppa, jf. referatet frå møtet:

**«Sak 4/14 Vidare prosess under drøfting av vidare arbeid**

*Overdraging av verksemd frå helseføretaka til Helse Vest IKT må gjennomførast i tråd med gjeldande lover og avtaler.*

*Det må leggjast ein tidsplan for den vidare prosessen med framdrift og milepelar. Tidspunkt for verksemdsoverdraging må framgå av tidsplanen. I den vidare prosessen må følgjande inngå:*

- *Drøfting med tillitsvalde og verneteneste i alle helseføretak*
  - *Behandling i AMU/FAMU eller klinikk AMU i alle helseføretak*
  - *Felles styresak i alle HF og Helse Vest IKT*
  - *Styrebehandling i RHF-styret*
1. *Styringsgruppa vil rå til at det blir gjennomført ein verksemdsoverdraging i samsvar med tilråding i kapittel 8 i rapporten, med anlegg som tilrådd i kapittel 2.*
  2. *Helseføretaka bør vurdere storleiken på bestillar funksjon i helseføretaka og om denne kan leggjast til eksisterande bestillar eining i organisasjonen.*
  3. *Styringsgruppa vil be om at det blir arbeidd vidare med dei økonomiske og kvalitetsmessige gevinstar ved gjennomføring.»*

Styret for Helse Vest IKT, som overtakande part, behandla saka i sak 17/14 i styremøte 20.03.2014, jf. følgjande frå protokollen:

**«15/14 B Sluttrapport tele, signal, video og audio**

Oppsummering:

*Viser til tidlegare saker om utgreiing av området tele, signal, audio og video, seinast til sak 074/13 handsama i styremøtet 12.12.2013. Administrasjonen har i denne saka lagt fram sluttrapporten frå overdragingsprosjektet. Prosjektet har no tilrådd overdraging av verksemd frå helseføretaka til Helse Vest IKT. Administrasjonen er samd i denne tilrådinga.*

*Administrasjonen vil tilrå at styret godkjenner at Helse Vest IKT arbeider vidare med planlegging av overdraging av verksemd frå helseføretaka til Helse Vest IKT innanfor områda tele, signal, audio og video i tråd med det som går fram av sluttrapporten frå prosjektet. Administrasjonen rår til at overdraginga vert gjennomført frå 01.09.2014.*

*Styret ba administrasjonen vurdere om det er mogeleg å hente ut ytterlegare økonomiske vinstar som fylgje av overdraging av verksemd innan tele, signal, audio og video. Styret ba administrasjonen utarbeide nokre konkrete mål for vinstar som skal realiserast som fylgje av overdraginga. Styret ba administrasjonen komme tilbake til styret med informasjon om måloppnåing ei tid etter at overdraging er gjennomført. Administrasjonen vil fylgje dette opp i det vidare arbeidet.*



Administrasjonen vil legge fram ei styresak i neste styremøtet med tilråding av overdraging av verksemd. Denne saka må handsamast av styra i alle helseføretaka og i styret for Helse Vest RHF.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret godkjenner at administrasjonen arbeider vidare med planlegging av overdraging av verksemd frå helseføretaka i Helse Vest til Helse Vest IKT innan tele, signal, audio og video.
2. Styret ber administrasjonen legge fram endelig sak til neste styremøte.»

Administrasjonen i Helse Vest IKT har basert på dette utarbeidd denne styresaka som ein felles mal for styresaker som skal behandlast av styret for Helse Vest IKT, styra i helseføretaka i Helse Vest RHF og styret for Helse Vest RHF.

Det er lagt opp til at felles styresak vert handsama i dei ulike styra etter fylgjande plan;

Føretak	Dato for styremøte
Helse Vest IKT AS	29. april
Helse Stavanger HF	6. mai
Sjukehusapoteka Vest HF	8. mai
Helse Bergen HF	15.mai
Helse Fonna HF	21. mai
Helse Førde HF	22. mai
Helse Vest RHF	18. juni

Alle styra har gitt sin tilslutning til overdraginga, og gjort vedtak i tråd med innstilling i felles styresak. Alle vedtak er vist fullt ut i vedlegg til saka.

Styret peika på at personell må ivaretakast på ein god måte i prosessen vidare.

**Vedtak (Samrøystes)**

1. Styret i Helse Vest RHF godkjenner at det vert gjennomført overdraging av verksemd knytt til tele, signal, audio og video frå Helse Stavanger HF, Helse Førde HF, Helse Bergen HF og Helse Fonna HF til Helse Vest IKT AS.
2. Overdraginga skal gjennomførast i tråd med gjeldande lover og avtalar, jfr. særleg Arbeidsmiljøloven §§16-1 – 16-7. Verdi av overførte anlegg vert sett lik bokført verdi på overføringstidspunkt. Den vidare bruk og utvikling av overførte anlegg vert inkludert i Tenesteavtalen mellom helseføretaka og Helse Vest IKT i tråd med gjeldande praksis.
3. Styret i Helse Vest RHF ber helseføretaka og Helse Vest IKT gjennomføre verksemdsoverdraginga i god dialog med involvert personale og bidra til at verksemdsoverdraginga kan gjennomførast med verknad frå 01.09.2014.
4. Styret i Helse Vest RHF ber Helse Vest IKT arbeide vidare med økonomiske og kvalitetsmessige gevinstar som fylgje av overdraging av verksemd, og fylgje opp at desse vert realisert.

**Sak 074/14 Regulering av løn for tilsette i Helse Vest RHF**

**Oppsummering**

Styret skal i tråd med gjeldande instruks for styret sine oppgåver ta aktiv del i prinsippa for lønnsregulering i Helse Vest RHF.

I tråd med rettleiar for styrearbeid i føretaksgruppa Helse Vest skal styret ved fastsetjing av lønn til leiande tilsette, sikre at Helse Vest RHF kan tilby attraktive vilkår som samtidig vinn forståing og aksept i samfunnet.

Nærings- og handelsdepartementet har fasett retningslinjer for tilsetjingsvilkår for leiarar i statlege føretak og selskap. Gjennom desse retningslinjene klargjer staten relevante prinsipp for ansvarleg og god leiarlønnspolitikk, både i samband med fastsetjing og justering av lønn for dagleg leiar og andre leiande tilsette. Retningslinjene slår fast at leiarlønningane skal vere konkurransedyktige, men ikkje lønnsleiande.

Lønn til administrerande direktør vil bli lagt fram i eiga sak for styret. Helse Vest RHF skal no gjennomføre lønnsregulering for alle medarbeidarar, inkludert administrerande direktør si leiargruppe.

### **Vedtak (Samrøystes):**

Administrerande direktør får fullmakt til å gjennomføre lønnsregulering innafor ramma av oppgjeret for Spekter Helse.

## **075/14 Orientering om program for pasienttryggleik i Helse Vest 2013 – 2017. Aktivitet i programmet sitt første år**

### **Oppsummering**

I styremøte i april 2013 vedtok styret i Helse Vest Program for pasienttryggleik i Helse Vest 2013-2017. Programmet er ei vidareføring av Kvalitetssatsinga i Helse Vest og av den nasjonale Pasienttryggleikskampanjen. Programmet har som mål at talet på pasientskadar som kan unngåast, skal halverast innan 5 år. Programmet skal sjå til at dei tiltaka som er starta i pasienttryggleiks-kampanjen blir implementerte i alle relevante avdelingar i føretaka. Denne saka gjer greie for aktiviteten i programmet sitt første år.

Styret var opptekne av at arbeidet med å automatisere datafangst må ha høg prioritet.

### **Forslag til vedtak:**

Styret tok saka til orientering.

## **076/14 Orientering om tertialvis rapportering på krav i føretaksmøte og protokoll**

### **Oppsummering**

Helse Vest RHF har med innspel frå helseføretaka utarbeidd ein tertialvis rapport på krava som er stilte i oppdragsdokumentet og i føretaksprotokollen. Rapporten synleggjer at Helse Vest i hovudsak rapporterer god framdrift per 1. tertial 2014.

### **Vedtak (Samrøystes):**

Styret tok saka til orientering.

## **077/14 Orientering om private avtalespesialistar i Helse Vest – status i arbeidet med vidareutvikling av ordninga**

### **Oppsummering**

Helse Vest deltek saman med dei andre regionale helseføretaka i eit nasjonalt arbeid under leiing av Helse- og omsorgsdepartementet med sikte på å oppnå semje om endringar i avtale- og regelverk som regulerer avtalespesialistordninga. Føremålet med prosessen er å oppnå tilslutning til endringar som vil legge til rette for at tenestetilbodet som avtalespesialistane representerer i større grad enn i dag på ein kostnadseffektiv måte kan utviklast og styrast i tråd med utviklinga i behov for spesialisthelsetenester.

Dei utfordringane det er peika på nasjonalt er langt på veg overlappande med dei tema som tidlegare er identifisert regionalt. Det gir god kraft i det vidare arbeidet at regionane, saman med Helse- og omsorgsdepartementet, opptreir samla i utviklinga av avtalespesialistordninga. Dei utfordringane vi har identifisert vil derfor først og fremst bli søkt løyst gjennom det nasjonale arbeidet.

Helse Vest vil parallelt arbeide vidare med å utvikle vår eigen forvaltning av avtalespesialistordninga.

### **Vedtak (Samrøystes):**

Styret tok saka til orientering.

## **Sak 078/14 Orientering om fornya bygningsmessig kartlegging for vedlikehald i føretaksgruppa**

### **Oppsummering**

Alle fire helseføretaka har lagd planar for betring av tilstanden på eigedomane. Planane er samansett av vedlikehaldstiltak, avhending og nybygging/restaurering. I desember 2013 vart det inngått ein landsdekkande abonnementsavtale med Multiconsult om bruk av Multimap. Dette mogleggjer for føretaka å ha ein betre oversikt over tilstanden til bygga.

Regionalt Eigedomsutval har starta arbeidet med ein regional utviklingsplan for eigedomane i regionen. I dette arbeidet vil ein og ta omsyn til vedlikehaldsetterslepet.

Styret peika på at i framtidige investeringar må kvalitet og langsiktighet vere i fokus, parallelt med at det blir etablert gode program for førebyggjande vedlikehald. Den bygningsmessige kartlegginga vil gje eit godt grunnlag for prioritering i vedlikehaldsbudsjett.

Det blir arbeid med vidareutvikling av Multimap og standardisering av vedlikehaldsplanar i føretaksgruppa. Styret ønskjer jamleg tilstandsrapportering, samt standardisert rapportering ved neste gjennomgang.

### **Forslag til vedtak:**

Styret tok saka til orientering.

## **Sak 079/14 Orientering om dei regionale helseføretaka sine felleseigde selskap per mai 2014**

### **Oppsummering**

Saken er utarbeidet i et samarbeid mellom de fire regionale helseforetakene og derfor skrevet på bokmål. Formålet med saken er å gi en oversikt over de regionale helseforetakenes felles eide selskap per mai 2014 med hovedvekt på følgende forhold:

Hensikten med de felles eide selskapene.

- Om behovet for å etablere felles løsninger for felles oppgaver, samordning for å sikre likhet og likeverdighet, rasjonelle løsninger og god ressursutnyttelse.
- Et virkemiddel i den nasjonale helsepolitikken. Etablering av flere selskaper er aktuelt, nå utredes felles selskap for utbygging og en større samordning av innkjøpsaktivitetene.

En kortfattet redegjørelse av styringen av selskapene.

- Om selskapsform, styresammensetning og organisering av eierstyringen gjennom generalforsamling, selskapsmøter og foretaksmøter, oppdragsdokument og årlig melding.
- Om styrets ansvar med basis i Helse- og omsorgsdepartementets veileder i styrearbeid.
- Forskjellige former "kunderelasjoner" gjennom SLA-avtaler og samarbeidsløsninger i forhold til HF/RHF.

Orientering om det enkelte selskap.

- Om selskapenes formål og hovedoppgaver.
- Hovedpunkter i oppdragsdokumentet.

- Hovedpunkter i årlig melding og behandlingen av denne.

Momenter for videreutvikling relasjonene mellom de felles eide selskapene og HF/RHF.

- Større grad av integrering og synliggjøring av selskapene og de oppgaver som løses.
- En klargjøring av hvordan virksomheten kan inngå i den etablerte rapporteringen innen det enkelte RHF.
- Behovet for å vurdere en styringsmessig overbygning mellom RHF og de felles eide selskapene.

Styret ønska at det blei etablert ein felles styringsstruktur for dei felleseigde selskapa, der det blir standardisert kva for saker som skal behandlast i RHF-styra.

RHF-styra sin rolle må klargjerast, og det må avklarast om administrerande direktør skal ha fullmakt for å opptre som eigar i generalforsamling/føretaksmøte.

Styret ønska ei styresak med formelle avklaringar og der styringslinjene blir trekt opp.

Styret ønska også ei nærare orientering om Luftambulansen ANS i eit seinare møte.

### **Vedtak (Samrøystes)**

Styret tok redegjørelsen om de felles eide selskapene til orientering.

## **072/14 Orientering om protokoll frå møte i revisjonskomiteen 01.04. 2014**

### **Oppsummering**

Revisjonsutvalet hadde møte 1. april 2014. Protokollen vart godkjent i utvalsmøte 22. mai.

Leiar av revisjonskomiteen oppsummerte også frå møte internvisjonskomiteen 22. mar. Protokoll frå dette møtet blir lagt fram i neste styremøte.

### **Vedtak (Samrøystes)**

Styret tok protokollen frå møte i revisjonsutvalet 01.04.2014 til orientering.

## **Sak 081/14 Eventuelt**

### **Mediasak om diskriminering av gravide – oppfølging i Helse Vest (OJH)**

Styremedlem Olin Johanne Henden viste til mediasak om diskriminering av gravide medarbeidarar, og ba om ei tilbakemelding på korleis Helse Vest jobbar for å unngå at dette skjer.

Administrasjonen orienterte om gjennomgang med alle HF utan funn av diskriminering, samt kva som er gjort og vidare tiltak for å førebygge mobbing og diskriminering. Styret ønska eit avsnitt om korleis dette er følgt opp i neste rapportering frå verksemda.

## **Skriv og meldingar**

### **Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:**

- Brev til HOD frå Helse Vest RHF, dagsett 020514 - Rapportering til HOD pr. mars 2014
- Kopi av brev frå Fylkesmannen i Hordaland til Helse Fonna HF, dagsett 240414 – Avslutning av tilsyn
- Kopi av brev frå Fylkesmannen i Hordaland til Røde Kors Haugaland Rehabiliteringssenter, dagsett 020514 – Ber om opplysningar om innhald i tenestetilbod
- Brev frå Helsetilsynet, dagsett 300414 – Oppsummering av landsomfattande tilsyn med helsestasjonar 2013

- Kopi - Brev frå Nordfjodrådet til Helse Førde ved styreleiar, dagsett 070514 - Vedrørande styrevedtak i Helse Vest om Nordfjord sjukehus
- Kopi av brev frå HOD til Sjukehusaksjonen Nordfjord, dagsett 120514 - Nordfjord sjukehus
- Referat frå møte i regionalt brukarutval i Førde, dagsett 300414

Ref. Torunn Nilsen  
18. 06. 2014

---

Terje Vareberg	Styreleiar
----------------	------------

---

Lise Reinertsen	Nestleiar
-----------------	-----------

Sett:

---

Ohene Aboagye	Medlem
---------------	--------

---

Gunnar Berge	Medlem
--------------	--------

---

Tone Berentsen Steinsvåg	Medlem
--------------------------	--------

---

Olin Johanne Henden	Medlem
---------------------	--------

---

Tom Guldhav	Medlem
-------------	--------

---

Lise Karin Strømme	Medlem
--------------------	--------

---

Reidun Nyborg Johansen	Medlem
------------------------	--------

---

Aslaug Husa	Medlem
-------------	--------